

# Kulturprisvinnar

1997

## Brattvåg Songarlag



**Brattvåg Songarlag er ein heilt sentral kulturfaktor i både heimbygda og vidare om i distriktet. Songarlaget har gleda mange med sin song og songarglede. Derfor vart songkoret heidra med Brattvåg Rotaryklubb sin kulturpris for 1997 under ein KORKAFE på Hildre Samfunnshus onsdag 29.april 1997. Der var det lagt opp med festleg innslag av koret og diktopplesing av Jostein Kvithaug. Velfortent heider til den noverande dirigent Terje Skytterholm. Korleiaren Kari Haugen takka for diplomten og kulturprisen som dette året var kr. 10.000,00**

### **Til Brattvåg Songarlag frå ein takksam tilhøyrar**

Det er musikk og song som skaper hygge  
poetisk tekst til vakker melodi kan gi  
meg varme ilingar langs ryggen. Mitt  
sinn blir stemt i himmelsk harmoni. Og  
aller mest eg kjenner at det varmar av  
tonar frå vårt eige songarlag. Eg kviler  
søtt i Afrodites armar og gløymer sorg  
og sut og kvardagsjag.

Då veit eg visst at det finst høgre makter,  
då kjenner eg at også eg har sjel. Mot  
høgre mål eg ikkje lenger traktar, eg er  
fornøgd og kjenner meg so vel. Det  
kling so klokkeklårt ifrå sopranen. Dei  
lyse røyster hever seg mot sky og lyfter  
høgt den vakre songarfanen og let det  
klinge over land og by.

So mjukt og varleg alten følgjer tonen  
og legg på farge med sin pensel so at  
det blir sjel i pianissimo og kraft og  
styrke i fortissimo. Og sensuelt dei  
og kan songen tolke, eit lystig smil  
som pålegg kan dei gi til lystig song,  
og dei kan også folke seg saman i  
sørgmodig elegi.

Bak desse vakre, songarglade jenter  
der står tenoren i si manndoms kraft Frå  
høge himlar tonen ned han henter, gir  
med sin styrke fyldig klang og saft. Og  
der står dei som tar den djupe tonen.  
Dei stiller ned på sine stemmeband og  
hentar opp frå mageregionen ein  
brumlebass so over all forstand.

No er den skapt den rette harmonien.  
Men for at alt skal klinge reint og pent  
må dei ha ein med ansvar for regien,  
og det er korets faste dirigent. Den  
kvaliteten koret no har inne, slik at  
det heile kling so reint og pent, blant  
anna trur eg at den er å finne som  
årsak i ein dyktig dirigent.

Han harmonien har i sine armar og leier koret  
innsiktsfull og raus Det blinkar blankt i mange  
augne kvarvar blant publikum som gir han sin  
applaus. Han svingar vant med armane og  
peikar og mimer sjølv om munnen hans er  
stum. Med ord og harmoni han seg leikar til  
glede for eit takksam publikum.

Kalle Kraft